

Bygstad 18.04.2024

Nei til oppdemming av Selsvatnet ved Storehesten (Kvamshesten) i Bygstad.

Selselva Kraft AS v/ Norsk Vannkraft har søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om å regulere/demme opp Selsvatnet i Bygstad med ein ca. 80 meter lang demning.

Selsvatnet ligg på 840 m.o.h., like ved Storehesten (Kvamshesten) og midt i eit unikt natur- og friluftsområde i Sunnfjord region som strekkjer seg frå Langeland Skisenter i aust, via Gjøset, Lisjehesten, Storehesten, Staurane og mot Blegja (også kalla Heilefjellet) i vest.

Selsvatnet ligg i eit høgfjellsområde mellom Lisjehesten og Blegja, og er bortsett frå ei dagsturhytte ved foten av Storehesten i aust utan inngrep. Selsvatnet er det største vatnet i heile dette høgfjellsområdet og eit av få høgfjellsområde som ligg så nære kysten.

Heile området er nyleg del av ein Geopark der det er søkt UNESCO status. I geologisk samanheng og ved sine godt synlege devonavsetningar er høgfjellsområdet unikt, både nasjonalt og internasjonalt.

Førre eigar av elvekraftverket, Cloudberry, har bestilt ein «konsekvensrapport» utført av firmaet Ecofact. Denne rapporten oppfattast som svært lite truverdig, då det blir vist til Sunndal kommune og Møre og Romsdal. Det førekjem openberre feil, som feil fylke og feil kommune,! ..men også skildring av rådyr og elg som ikkje finst i vår del av Fjordane i Vestland fylke. Kva med alle rypene og reinsdyrstammen som vi veit finst i området? I tillegg manglar den same rapporten ei vurdering kring Selsvatnet som drikkevasskjelde.

Selselva er kjelde for drikkevatt til mesteparten av Bygstad Sokn. Vasskvaliteten har blitt merkbar dårligare etter den første utbygginga av Selselva (elvekraftverket). Store deler av året er det lite vatn i Selselva. Saman med minstevassføringa og sigevatt frå myrområder langs elva, smakar vatnet svært dårleg i slike periodar. Ei oppdemming av Selsvatnet vil utvilsomt forsterke desse periodane og med det vasskvaliteten.

Det er uforsvarleg å tillate utbygging og oppdemming av dette unike høgfjellsområdet mellom Dalsfjorden og Førdefjorden med tanke på konsekvensane for vasskvaliteten for ei heil bygd med omland og opplevingsverdien for innbyggjarane så vel som dei mange tilreisande frå inn- og utland.

Med helsing

Merete Larsmon

6977 Bygstad

Med grunneigarrett i Selsvatnet